

Reglar og reglement for deltaking i Dans Utan Grenser

GENERELT

- Vi følgjer skuleruta i Askvoll Kommune.
- Undervisning vert gjeve vekentleg i Askvoll Samfunnshus.
- Undervisningsdager: Tysdag og Torsdag.
- Førearbeid og gjennomføring av framføringar er likestilt med undervisning, og ein naturleg del av verksemda.
- Ved arrangement vert det teke inngangspenger for å dekke utgiftene vi har med den tekniske produksjonen. Eleven kan bli fotografert/filma til bruk på websider/brosjyrer.

Viktige frister å hugse på:

Hovudopptak: 15.mai

Oppseiing gjeld kun elektronisk: 15.mai/15.november

Elektronisk søknadsskjema/utmelding: www.askvoll.kommune.no

Prisar:

1 barn kr 600,- per semester

Søsken: kr 500 per semester

Opptak: Det er viktig å ta omsyn til fristar. Men du må gjerne søkje heile året. Søknader vert handsama etterkvart som dei kjem inn. Vaksenleiar har ansvar for opptaket. Opptak av nye elever skjer hovudsakeleg i byrjinga av kvart skuleår.

Søklarar som ikkje får plass ved hovudopptaket vert sett på venteliste. Søklarar på venteliste får tilbod om plass når det vert ledige plassar. Prioriteringa skjer etter ansiennitet på ventelista.

Har du fått plass i Dans Utan Grenser Askvoll og delteke meir enn to gonger må heile semesteravgifta vere betalt med mindre undervisningsbrotet skuldast Dans Utan Grenser Askvoll.

Du er elev heilt til du elektronisk melder deg ut. Det er ikkje tilstrekkeleg å sei frå til instruktøren eller gje beskjed gjennom andre elevar.

Har du glømt å sei opp plassen inntil 15.mai/ er du pålagd å betale heile haustsemesteravgifta.

Elever som har plass trenger ikkje søke på nytt kvart år.

Fråvær:

Dersom nokre av våre instruktørar må melde fråvær, gjer vi alt vi kan for å skaffe vikar slik at undervisninga går som den skal. Melding om avlyst undervisning vert sendt ut per sms/e-post og annonsert på facebookside vår. Det er lurt å følgje den.

Vert det fleire avlysingar enn 2 i løpet av eit skuleår kan vi gje kompensasjon på 2 ulike måtar. Enten vi lager eit opplegg som tar igjen avlyst undervisning eller vi gir reduksjon i elevpengane.

Vi kan gi kompensasjon for elevfråvær for mein enn 4 veker dersom det blir lagt fram legeattest.

Tap av plass:

Uregelmessig frammøte, ugrunna fråvær, manglande betaling, manglande interesse kan føre til tap av elevplass. Avgjersla vert teken av vaksenleiar.

Elevfråvær må meldast til vaksenleiar.

Regelverk i timane:

- Møt presis i timane.
- Vis respekt til instruktørar og medelevar
- Det er ikkje lov å røre/øydelegge gjenstand som finnes i undervisningsrommet.
- Det er visse områder i undervisningslokalet som er forbode for elevar. Instruktørane opplyser om det i begynnelsen av semesteret.
- Vent på gangen til du blir invitert inn i undervisningsrommet.
- Vær stille ute på gangen dersom det er timar inne.
- Det er forbod å komme med mat, leiker, godteri og andre gjenstand inn i timane. Mobilen skal setjast på lydlaus i jakka/sekken. Ved brot på denne regelen, vil instruktørane ta frå elev mobil/eller gjenstand og returnere den i slutten av dansetimen. Melding til foreldre blir også sendt same dag.
- Ta med drikke.
- Dongeribukse er ikkje tillete. Kom med fleksible og komfortable treningstøy. Gjerne innesko eller sokkar.

Gjentekne brot på regelverket er grunn til utvisning frå Dans Utan Grenser Askvoll.

Som føresett har du også et ansvar om at barnert ditt har gjort seg godt kjent med regelverket. Det vert opplyst om regelverket i byrjinga av kvart skuleår.